**Generell mal for før-, undervegs- og etterlesing**
Malen kan delast ut til elevane. Den kan brukast til alle utdraga i Bokslukarprisen.

## Del 1 - før du les:

| | |
|---|---|
| **Forkunnskapar:**<br><br>Veit du noko om boka frå før eller har du høyrt om forfattaren? Noter stikkord.<br><br>Kva veit du om sjangeren frå før?<br><br>Om liknande historier frå litteratur, film, TV, teater, spel? | |
| **Sjå på tittel, omslag**<br><br>**Sjå på sjangerlogo/stikkord**<br><br>**Les eventuelt ingressen**<br><br>Kva for tankar set tittelen i gang?<br><br>Gjev den deg hint om kva som skjer i teksten? Personar? | |

| | |
|---|---|
| Kva viser omslaget?<br><br>Kva for tankar/kjensler får du når du ser på omslaget?<br><br>Kva for personar er med?<br><br>Kva trur du teksten handlar om?<br><br>Korleis er stemninga – romantisk, spennande, skummel, morosam, pinleg?<br><br>Får du hint om kvar og når dette skjer?<br><br>Minner dette om historier du kjenner frå litteratur, film, TV, teater, dataspel? | |

| | |
|---|---|
| Gjev sjangerlogo/stikkord deg hjelp?<br><br>Kva veit du om sjangeren?<br><br>Er det samanheng mellom omslag, tittel og sjangerlogo? Forskjellar?<br><br>Kva tenkjer du etter å ha lese ingressen?<br><br>Kva for personar er nemnde?<br><br>Kva trur du teksten handlar om nå? | |
| Får du lyst til å lese utdraget?<br><br>Kvifor/Kvifor ikkje? | |

## Del 2 – Undervegs i lesinga:

| **Leselogg** | |
|---|---|
| **Sitatlogg**<br><br>**Noter 2-3 setningar** som gjer inntrykk på deg fordi dei er:<br><br>- spennande<br><br>- overraskande<br><br>- morosame<br><br>- ei god skildring av ein av personane<br><br>- ei god skildring av handlinga<br><br>- godt skrivne | |
| **Stikkord**<br><br>**Noter stikkord til teksten,** f.eks.:<br><br>- Noko du kjenner deg igjen i<br><br>- Noko som vekker kjensler, gjer deg flau, glad, trist, sint, overraska, begeistra osv.<br><br>- Noko du synes er overraskande, verkar rart eller ulogisk<br><br>- Noko du lurer på, noko som gjer deg nysgjerrig | |

| | |
|---|---|
| | |
| **Kva for personer er viktige i utdraget?**<br><br>**Noter stikkord** som seier noko om ditt inntrykk av desse personane:<br><br>Er det personar du blir glad i, beundrar fordi dei er annleis, kule osv. eller er det nokon du mislikar?<br><br>Kvifor?<br><br>Er personane på lag, eller er dei motstandarar?<br><br>Får vi høyre om tankane til alle personane eller bare nokre av dei?<br><br>Kven ser det som skjer?<br><br>Kven fortel historia? | |

## Del 3 – Etter lesinga:

| **Mi leseopplevinga** | |
|---|---|
| **Beskriv leseopplevinga di** ved å bruke nokre av formuleringane nedanfor. Legg også på ei grunngjeving ved å bruke 'fordi':<br><br>Då eg las, la eg merke til…<br><br>Eg synst at…<br><br>Eg likte godt då…<br><br>Eg blei irritert over…<br><br>Det gjorde inntrykk på meg at…<br><br>Dersom eg var…<br><br>Eg ble skuffa over…<br><br>Eg ble overraska over…<br><br>Slutten var…<br><br>Fordi…<br><br>Eks: «Eg likte godt då… det berre blei meir og meir spennande, **fordi** da såg eg for meg alt som skjedde og tenkte ikkje på anna enn det som skjedde i teksten.» | |

| | |
|---|---|
| **Di meining**<br><br>**Likar du utdraget? Skriv ned dei tre viktigaste grunnane til at du likar/mislikar teksten.**<br><br>Tenk også over kvifor dette er viktige grunnar for å avgjere om ein tekst er god.<br><br>Eks: «Eg likte ikkje teksten mellom anna fordi slutten var så open. Eg liker at eg får tenke litt sjølv, men dette var så opent at eg sakna å få vite meir om kva som skjer etterpå.» | |

**Del di oppleving.**

Sjå over det du har skrive og gjer deg klar til å dele opplevinga di med andre elevar i klassen. Trur du at de har hatt like opplevingar og at de vil vere einige om teksten? Tenk over korleis du kan legge frem tankane dine på en overtydande måte. Tenk også over korleis du kan lytte til innspel frå dei andre på gruppa og vise respekt for standpunkta deira – sjølv om de er ueinige.

Ved å la alle standpunkta komme tydeleg fram, kjem de også fram til den beste og mest grundige avgjerda når de skal stemme over teksten.